



Cheercamp i juni er eit flott tilbod

Under FestidaGen 2014 og 2015 var cheerleading ein veldig populær aktivitet. Det var imponerende kva dei dyktige instruktørane fekk lært deltakarane på kort tid. Her vart det øvd inn triks med både akrobatikk, ballanse og god samhandling. No kan ungdommane oppleve meir av dette når det vert cheercamp i Uskedalen frå 24.-28.juni.



Til sommaren kan det verta fleire luftige svev.

Instruktøren Stian som står i bresjen for cheercampen vil nok mange av dei ivrige cheerleader-deltakarane under

FestidaGen hugse som ein kjekk og flink instruktør. No tar han med seg nokre kollegaer til Uskedalen og vil arrangera 5 dagars cheercamp frå 24. til 28. juni. Campen vil føregå i Aktivitetshuset/hallen, og det flotte tilbodet er ope for alle mellom 7 og 17 år.

Dette er eit svært rimeleg og godt sommartilbod i Uskedalen. Ein flott mulighet både for fastbuande og for tilreisande feriegjester. Deltakaravgifta er sett til 500,- kroner for 5 dagar med trening. Det inkluderer også t-skjorte, enkel lunsj og armband. Det må vera minst 20 påmelde for at campen skal verta gjennomført. Påmelding gjer ein ved å klikka seg inn [HER](#).

For feriegjester nemner vi at Aktivitetshuset ligg berre eit par hundre meter frå campingplass og båthamn.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Janne G. Hjørnevåg og Ola M. Mathisen.



Frå oppvisninga under FestidaGen-showet 2015